



Frode Tredal
Leknesvegen 134
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7884 - 19/35429

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.12.2019

Ferdigattest for tilbygg til einebustad - gbnr 195/72 Leknes

Administrativt vedtak. Saknr: 692/19

Tiltakshavar: Frode Tredal

Ansvarleg søkjar: Frode Tredal

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.03.2015. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.11.19.

Skildring

Adresse:	Leknesvegen 134, gbnr. 195/72
Bygningstiltak:	Tilbygg til einebustad
Bygningsnummer:	12501315-1
Bruksareal:	29 m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til einebustad godkjent i vedtak datert 11.03.2015 administrativt vedtak saknr. 081/15 på eigedom gbnr. 195/72.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan



fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7884

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frode Tredal

Leknesvegen 134 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Frode Tredal

Leknesvegen 134 5915

HJELMÅS